ØRSTA KOMMUNE
Kultur og landbruk

Ørsta Idrettsråd
c/o Erlend Andersen Einemarka 8
6154 ØRSTA

Vår referanse	Dykkar referanse	Sakshandsamar	Dato
20/5720 21/9264		Rebecca Riise Bjerknes	30.04.2021

Høyring

Jamfør vedtak i levekårsutvalet ps 9/21 vert prinsipp for tildeling av treningstid i kommunale hallar og gymsalar, samt prisar for treningstid sendt ut på høyring.

2. Levekårsutvalet vedtek å sende prinsipp for tildeling av treningstid for kommunale hallar og gymsalar som vist i vedlegg 2 ut på høyring. Endeleg vedtak vert gjort i kommunestyret.
3. Levekårsutvalet vedtek å sende framlegg til prisar for treningstid i kommunale hallar og gymsalar, som vist i vedlegg 3 ut på høyring. Endeleg vedtak vert gjort i kommunestyret

Innspel skal sendast til postmottak@orsta.kommune.no

Høyringsfrist er sett til 28.mai

Med helsing

Rebecca Riise Bjerknes
dagleg leiar Ørstahallen/frivilligsentralen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar

Hovdebygda Idrettslag	Langemyra 7	6160	HOVDEBYGDA
Sæbø Idrettslag	c/o Aanon Aanonsen Ville	6165	SÆBØ
Vartdal Turn og Idrettslag	c/o Jon Helge Bjørndal Postboks 52	6171	VARTDAL
Ørsta Idrettslag	Postboks 168	6151	ØRSTA
Åmdal Idrottslag	v/Inger Elin Bjørdal Aam Brunevegen 19	6156	ØRSTA

Vedlegg 2

Framlegg til prinsipp for tildeling

Prinsipp for tildeling av treningstid i Ørsta kommune

Ørsta kommune har følgjande gymsalar og hallar

Treningsflate	Dagar	Tid	Søknadsfrist	
Ørstahallen	Måndag til fredag	15:00- 22:30	1.juni 1.september 1.mars	Treningstid vert tildelt i 3 terminar. Haust, vinter, vår.
Vikemarka	Måndag til fredag	17:00 –22:00	1.juni	Treningstid på vert å sjå i samanheng med tildeling av treningstid i Ørstahallen
Dalane	Måndag til torsdag	17:00-22:00	15.august	Idrettslaget/Grendalaget sender inn fullstendig oversikt over bruk til godkjenning av hallnemnda
Hovden	Måndag til fredag	17:00-22:00	15.august	Idrettslaget/Grendalaget sender inn fullstendig oversikt over bruk til godkjenning av hallnemnda
Sæbø	Måndag til fredag	17:00–21:30	15.august	Idrettslaget/Grendalaget sender inn fullstendig oversikt over bruk til godkjenning av hallnemnda
Vartdal	Måndag til fredag	17:00– 21:30	15.august	Idrettslaget/Grendalaget sender inn fullstendig oversikt over bruk til godkjenning av hallnemnda

For gymsalane på Vikemarka, Dalane, Hovden, Sæbø og Vartdal må treningstid vike når skulane sjølve skal nytte disse til arrangement.
For Ørstahallen må både treningstid og gymnastikkundervisning vike for større arrangement som krev stenging.

I sentrum skal det så langt det let seg gjere tildelast treningstid i Ørstahallen.

Kriterier for tildeling

- Lag frå Ørsta kommune vert prioritert før lag frå andre kommunar.
- Tradisjonelle inneidrettar vert prioritert framfor uteidrettar
- Hallnemnda skal syte for at gunstige treningstimar vert fordelt rettferdig så langt det let seg gjere
- Treningstider i kjernetid vert prioritert for barneidretten
- Treningsflatene til Ørsta kommune skal vere ein tilgjengelege for alle

- Idrett for menneske med nedsett funksjonsevne skal tilgodesjåast med treningstid
- Aktivitetar som gir menneske som står utanfor den tradisjonelle idretten moglegheit til fysisk aktivitet skal tilgodesjåast med treningstid.

Søknad

Gymsalane på bygdene

For Dalane, Hovden, Sæbø og Vartdal sender idrettslag/grendalag inn samla oppsett på treningstider for godkjenning av hallnemnda på elektronisk skjema. Tilføyingar kan skje undervegs, så sant dei meldast inn. Oversikta skal innehalde kva aktivitet, for kva lag og ansvarleg kontaktperson.

Sentrum

For Ørstahallen og Vikemarka skal det sendast søknad. I Ørstahallen kan søkjast om fast treningstid i treningsrom , på speleflater og for friidrettsfasilitetar.

Kvart lag, også undergrupper sender eigne individuelle søknadar. Alle søknadar skal innehalde kva aktivitet, for kva lag og ansvarleg kontaktperson.

Hallnemnda gjer endeleg fordeling. Bytte av treningstid skal meldast inn.

Fakturering

- Ørsta kommune fakturere etterskotsvis for tildelt treningstid.
- Treningstid gjeld for heile tildelt periode
- Treningstid kan seiast opp med ein månads varsel.

Vedlegg 3

Framlegg til prisar for trening i kommunale hallar og gymsalar

Vikemarka	100 kroner timen
Dalane	100 kroner timen
Hovden	100 kroner timen
Vartdal	100 kroner timen
Sæbø	100 kroner timen

For Ørstahallen gjeld allereie vedtekne prisar.

Leigesatsar Ørstahallen

Frivillige lag og organisasjonar	Måndag til fredag	Helg
Heil hall		500 kr/5000 kr dag
Heil bane	150 kr timen	250 kr timen/2500 kr dag
Ekstra garderobe		350 kr dag
Stort møterom (160 kvm)	100 kr timen	
Møterom (80 kvm)	75 kr timen	
Lite møterom (20 kvm)	50 kr timen	
Kjøkken 1.etasje		500 kr dag
Treningsrom 2.etasje	100 kr timen	
Løpebane og hoppegrop	150 kr timen	
Klatrehall eigen avtale		

Treningsavgifta inkluderer bruk av garderobar.

Kommunestyret kan justere satsane på treningstid i eiga sak i samband med budsjetthandsaming.